



Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/2890-4

## **Høyring av forslag om freding av statens kulturhistoriske eigedommar - Kystverkets landsverneplan for maritim infrastruktur**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar Riksantikvaren sitt framlegg om freding av Laagebarden varde i Vågsøy kommune og Silda fiskerihavn i Selje kommune. Ei freding av desse to objekta vil bidra til å bevare heilskapen i den maritime infrastrukturen langs kysten på ein god måte.
2. Det må vere ein føresetnad at fredinga av Silda fiskerihavn og Laagebarden varde ikkje vil gripe inn i eksisterande bruk eller er til hinder for utvikling av eigedomane.

Vedlegg:

1. Brev frå Riksantikvaren av 8. mars 2016 Høyring av framlegg om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedommar kap. XX eigedommar i Kystverkets landsverneplan for maritim infrastruktur.
2. Vedlegg nr. XX. 9 Laagebarden varde
3. Vedlegg nr. XX. 17 Silda fiskerihavn

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Kystverkets landsverneplan for maritim infrastruktur
2. Forskrift 9. november 2011 nr. 1088 om freding av statens kulturhistoriske eigedommar. Kapittel 1, felles forvaltningsreglar for alle freda statlege eigedommar.
3. Vedlegg nr. XX. 1-8, 10-16 og 18-21 til brev av 8. mars 2016 frå Riksantikvaren

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Grunnen for at saka er fremja:

Bakgrunnen for fredingssaka er staten sitt arbeid med ein fornya oversikt over kulturhistorisk eigedom i statleg eige. Arbeidet vart starta gjennom prosjektet «Statens kulturhistoriske eiendommer» i 2002. Føremålet med prosjektet vart formalisert gjennom kongeleg resolusjon 1. september 2006 om Overordna føresegner om forvaltning av statlege kulturhistoriske eigedomar. Her vart det stadfesta at alle statlege sektorar har eit ansvar for å vurdere vern av sine bygningar og anlegg. Dette vert gjort ved at fagdepartementa kartlegg og vel ut kulturhistoriske byggverk og anlegg i sin sektor i samråd med Riksantikvaren.

Departementa har utarbeida ein landsverneplan som består av to hovuddelar:

- Tematisk gjennomgang av sektoren sin historie.
- Katalog med utval av byggverk og anlegg i verneklass 1 og 2.

Byggverk og anlegg i vernekasse 1 er føreslege for freding etter kulturminnelova (Riksantikvaren), medan bygningar og anlegg i vernekasse 2 skal vere underlagt eit sjølpålagnad internt vern. Desse bør på sikt gjevast ein omsynssone med føremål bevaring i tråd med plan- og bygningslova (dette er det kommunane som vedtek).

Framlegg om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedommar – Kystverkets landsverneplan for maritim infrastruktur, som no er på høyring omfattar eit utval av viktige sjømerker og hamner.

Tidlegare er det utarbeidd ein plan for freding av fyrstasjonar og tåkeklokker der eit utval vart freda i tidsrommet 1994-2001. Av den grunn er ikkje fyrstasjonar og tåkeklokker omfatta av dette framlegget om freding. I samband med fredinga av fyrstasjonar og tåkeklokker vart fire fyrstasjonar i Sogn og Fjordane fylke vedteke freda i medhald av Lov om kulturminne. Dei frede fyrstasjonane er: Stabben fyrstasjon og Ytterøyane fyrstasjon i Flora kommune, Utvær fyrstasjon i Solund kommune og Geita fyrstasjon i Askvoll kommune.

#### Historikk - tidlegare vedtak:

Hovudutval for kultur har tidlegare handsama Kystverket sin landsverneplan for maritim infrastruktur i HK-sak 54/09 då Kystverket sendte den ut på høyring i forkant av at den vart oversendt til Riksantikvaren. Hovudutval for kultur gjore følgjande vedtak:

1. Rapporten "Kystverkets Landsverneplan for maritim infrastruktur" gir mange relevante koplingar til lokalt og regionalt utviklingsarbeid.
2. Som nasjonal satsing bør farleia rundt Vågsøy og Stadlandet få status som eit representativt område med tematisk vekt på fyr og fyrhistorie. Bygningar, objekt og anlegg i området bør få ein status i verneplanen som gjer at fyr og hamneanlegg kan takast vare på som ein viktig del av samferdselshistoria og som grunnlag for utvikling av ny aktivitet og næringsverksemd.
3. Hendanes fyr bør plasserast inn i vernekasse I for freding med grunnlag i kulturminnelova, eller i vernekasse II som del av eit representativt område. Utvalet påpeikar at dette fyret og tilkomstvegen no står til nedfalls. Om ein slik vernestatus skal ha nokon verdi, må Kystverket starte nødvendig restaureringsarbeid straks.

Høyringa som no ligg føre omfattar framlegg om freding av sjømerker og hamner.

#### Delegeret mynde:

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi uttale til Riksantikvaren i saker om freding, er delegert til hovudutval for kultur; no hovudutval for næring og kultur, jf delegeringsreglementet pkt 3.9.

#### **Framlegg om freding**

Framlegg om freding omfattar til saman 32 objekt fordelt på 21 kompleks/anlegg i til saman 17 kommunar i 10 fylke. Utvalet baserar seg på objekt foreslått i vernekasse 1 i Kystverket sin landsverneplan for maritim infrastruktur frå 2009. I forkant av at Riksantikvaren no sendte Kystverket sin landsverneplan på høyring har dei saman med Kystverket hatt ein ny gjennomgang av anlegga i landsverneplanen. Eit resultat av dette er at fleire anlegg som i landsverneplanen var vurdert i vernekasse 2, no har blitt vurdert til å vere i vernekasse 1. Desse anlegga er no omfatta av framlegg om freding. Dette gjeld mellom anna Silda fiskerihamn i Vågsøy kommune og Laagebarden varde i Selje kommune.

#### *Laagebarden varde*

Føremålet med fredinga er å bevare Laagebarden varde som eit viktig navigasjonshistorisk kulturminne. Framlegg om freding omfattar varden med hovudform, konstruksjon og materialbruk. I si grunngjeving for framlegg om freding skriv Riksantikvaren følgjande: «Laagebarden varde representerer en typisk varde. Den er viktig for innseglingen til Honningsvågen ytterst på Stad. Varden har vert viktig både for lokale fisker og sjøfarende som søkte nødhavn.»

#### *Silda fiskerihamn*

Føremålet med fredinga av Silda fiskerihamn er å bevare den som eit viktig eksempel på hamnehistorie og fiskerihistorie. Framlegg om freding omfattar moloane med hovudform, teknisk konstruksjon og materialbruk. Fredinga omfattar heile konstruksjonen inkludert fundamenteringa under vatn. I si grunngeving for framlegg om freding skriv Riksantikvaren: «Havneanlegget er et godt eksempel på et relativt omfattende dekningsverk for en hamn som tidligere var utsatt for stormskader. Den er et av de første tilfluktssteder sør for Stad. Den har stor betydning både som fiskerihavn og nødhavn.» For omtale av dei enkelte moloane sjå vedlegg nr. XX. 17

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Føremålet med utvalet er å frede eit representativt utval av Kystverket sine objekt og anlegg. Det justerte omfanget av objekt i vernekasse 1 vil etter fylkesdirektøren si vurdering gje eit meir heilskapleg bilet av den maritime infrastrukturen langs kysten enn det som låg føre i Kystverket sin landsverneplan som vart handsama i HK-sak 54/09. Fylkesdirektøren ser difor det som positivt at Silda fiskerihamn og Laagebarden varde no er føreslått i vernekasse 1.

Fylkesdirektøren deler Riksantikvaren si vurdering av Silda fiskerihamn og Laagebarden varde sine kulturhistoriske verdiar. Freding i medhald av Lov om kulturminne er det sterkeste verkemiddelet vi har for å bevare bygningar og anlegg. Ei freding av Silda fiskerihavn og Laagebarden varde vil sikre dei kulturhistoriske verdiane for framtida på ein god måte.

Eit viktig prinsipp for bevaring av freda anlegg er at dei framleis skal vere i bruk. Riksantikvaren har i samråd med sektorane lagt vekt på å kome fram til framlegg som tek i vare dei nasjonale verdiane i statens eigedommar, samstundes som det er lagt til rette for utnytting av eigedommane. Ei freding av Laagebarden varde og Silda fiskerihavn vil ikkje gripe inn i eksisterande bruk.

Då anlegga er i staten sitt eige er det staten som har ansvar for å følgje opp forvaltninga av eigedommane. Det er også staten som har det økonomiske ansvaret for vedlikehald og istrondsetjing av kulturminna. Dersom eit freda statleg kulturminne går ut av staten sitt eige er det fylkeskommunen som får forvaltningsansvar for det. Ei freding av Silda fiskerihavn og Laagebarden varde vi ikkje føre til noko meir ansvar for fylkeskommunen så lenge det er i statleg eige.

## **3. Konklusjon**

Riksantikvaren sitt framlegg om freding av Silda fiskerihamn og Laagebarden varde vil sikre dei kulturhistoriske verdiane til desse kulturminna eit varig vern for framtida. Basert på drøftingane ovanfor vil fylkesdirektøren rá hovudutvalet til å støtte Riksantikvaren sitt framlegg om freding av Silda fiskerihamn og Laagebarden varde.